

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 13.01,26
Tid: kl. 19.00-2100
 Soknerådsmøta er opne.

Dato: 13.01.26		
Innkalla : Norunn R Markhus, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Therese, Astrid, Bård Magnus, Kjell Arne		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	Ytterlegare gåver er mottekne til istandsetting av kyrkja Lagring av kyrkjebenker og den nye julekrybba: Julekrybba er lagra i Ålvik. Kyrkjebenkane som er teke ut for å betra tilkomsten til kor etc er på Kjosås no.
1	Evaluerings av gudstenester mm	Tårnagent, 9 stk. Etterpå var det julefest med juletrégang der dei vaksne også vart med. 30 stk. totalt. Visemenn kom på besøk med godteri. Lys vaken med gudsteneste etterpå. 15 stk på 11 år sov i kyrkja, 3

		vaksne. Mange på gudstenesta etterpå. Romjuls søndag. 1 barnedåp, 70 stk totalt i kyrkja. Julaften var det stappfull kyrkje. Lysmessa: litt vanskeleg å få tak i faklar. Lurt å skaffe desse tidlegare. Gjekkk bort til Mikkjelsflaten og tilbake. 5 godt besøkte konsertar i desember.
2	Kyrkjebygget og uteområdet, vedlikehald og bruk av gåvepengar	Arbeid med merking av utsmykkingar og ulike objekt inne i kyrkja. Anne Britt blir med Kjell i jobbing om merking. Innspel om å bruka noko form for solskjerming. Dette må i tilfelle søkjast om grunna strenge reguleringar for kyrkjebygg.
3	Frivilligfesten	Planlegging/arbeidsfordeling. Nytt er at dei tilsette i kyrkja vil arrangere frivilligfesten. Den vert i Norheimsund kyrkje, søndag 31.05. klokka 1700 m/ konsert etterpå. Den startar klokka 1900. Det blir ca 35 stk. Her vert det frivillige frå heile Kvam. 150 kroner pr stk. Mulig fellesrådet kan spandera på dei frivillige. Har vi tankar om å involvere fleire (frivillige) i kyrkjelyden sitt arbeid: Foreldre er ofte villige til å stille opp dersom dei vert spurde.
4	Gudstenesta- bruk av salmebøker eller skjerm	Det er problematisk at ein treng to personar til å styre lyd og bilete i Øystese, men det er ein fordel å ha det på skjerm. Kyrkjevertar kan vera

		med å hjelpa dersom me får opplæring.
5	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	Bøneveka; møte om keltisk songskatt / R Strømme 22.1. Me treng at to kyrkjevertar. Kjell spør om Astrid og Bård Magnus kan stilla.
	Eventuelt	Årsmøte vert 15.03. etter gudstenesta. Fasteaksjon 24.03. og konfirmantfest 16.04. må planleggast. Me vil gjerne gjera som Nhs og gå over til innsamling på vipps. Me tek det opp på marsmøtet. Møtet vert avslutta med "Vår far".